

Ut mot havet og Janoves Bak en sky heim var soloinnslag på konfirmasjonsgudsteneste.

06.09.2020



Gruppe 2 samla til fotografering etter gudstenesta. Anders Haugland, Jonas Klette Hansen, Nikolai Strüter Vågen, Olve Simonnes Tveit, Patrick Steinsletten, William Hjørnevåg.

Uventa for mange, men utruleg vakkert var det å få høyra Nils Rainer Strüter Vågen og Thea Træet med sine soloinnslag på konfirmasjonsgudstenesta kl. 13.00 i Uskedalen. Ut mot havet av Edvard Fliflet Bræim spela på trombone av Nils Rainer, bror til konfirmanten Nikolai. Thea Træet framførte Janove Ottesen Bak en sky heim med tonefylgje av kantor Eva Megyesi. Thea er syskenbarn til konfirmanten William Hjørnevåg.

Mange kjenner melodien Ut mot havet. komponert i 1947 av Edvard Fliflet Bræim frå Kristiansund. Melodien vart skriva til eit byjubileum i Ålsesund, nådde ikkje til topps i ein konkurranse, men vart likevel folkelege og framført seinare i mange samanhengar, mellom anna av KORK. Nils Rainer tolkar Ut mot havet stilreint og vakkert.

Bak en sky heim er skriven av Janove Ottesen, kjend frå Kaizers Orchestra, seinare som soloartist. Ottesen med far Rune Ottesen vaks opp på Sagvåg. Teksten Bak en sky heim er sterk og høvet godt i samanhengen med konfirmasjon og overgangen ungdom - vaksen. Thea Træet har ei klokkeklar røyst med stort volum og framføringa var mektig og imponerende.



Bak en sky heim av Janove Ottesen, framført av Thea Træet med tonefylgje av Eva Megyesi.
Gjennomføringa av gudstenesta kl. 13.00 var elles identisk med gudstenesta nokre timar tidlegare.

Tekst/Nett: Kristian Bringedal

Foto: Sigmund Myklebust / Kristian Bringedal



Ut mot havet av Edvard Fliflet Bræim framført solo av Nils Rainer Vågen.